

Avlsutvalet for sau
v/ Einar Helge Haugstad
Torheimsvegen 993
6774 Nordfjordeid
Tlf. Mob. 48038573
E-post: ehehaugs@online.no

Sørland, 01. september 2021

Til
Sau og Geitavslaga
Værringane
Kåringdommarane

Kåring av værlam 2021

Vedlagt følgjer:

- Liste over kåringssjå og kåringdommarar
- Skjema for reiserekning
- Skjema for oppsummering av kåringssjå.
Kåringssreglane for dei einskile rasane finn du på NSG si heimeside. Det same gjeld dommarinstruks.

Smitteførebygging.

I 2008 kom det nye krav til smitteførebygging på kåringssjå. Dei fleste kåringssjåa vert gjennomførte inna for krava som er sette, men det er alltid råd å gjere ting betre.

Avlsutvalet vil med dette minne om følgjande:

- Det skal ikkje vere kontakt mellom buskapane på kåringssjå, sjølv om ein høyrer til same ring.
- Det skal ikkje vere felles drivgang på kåringssjå. Det må vere plass nok til at dyra kan kome rett frå hengaren eller bilen, inn i kåringssbingen. Dommarane skal dømme dyra der.
- Kåringssbingen må vere stor nok. Buskapar med mange dyr, må ha fleire bingar. Ingen skal opp i bingen utan sko overtrekk. Det gjeld også eigaren.
- Det skal ikkje vere kåringssjå i fjøs.
- Kåringsslamma skal vere tørre. Det er difor viktig at alle kåringstadar har høve til å kåre under tak dersom det er regn på kåringssdagen

Sjølv om vi i fleire år har hatt med i regelverket at det ikkje skal vere kontakt mellom buskapar på kåringssjå, så er det ein del sauehaldarar som ikkje har oppfatta at det også gjeld transport til og fra kåringssjå..

Dette er då brot på reglane for å få lov til å halde kåringssjå og lokallaga som er ansvarlege for kåringssjå der dette førekjem, må endre rutinane.

Brot på reglane for å hindre smittespreiing, kan føre til at løyve til å halde kåringssjå kan bli inndregne.

Det er ynskjeleg at det er tilgang til Vircon S desinfeksjonsmiddel på kåringssjåa, og at dommarane brukar regnbukse og vert «dusja» mellom kvar buskap.

Pc-kåring.

På grunn av at vi må kutte i kostnader, er det i år pc.kårar fysisk til stades på kåringsjå som i 2020 hadde over 50 møtte lam.Alternativ er å slå saman kåringsjå.Den enkelte sauueigar vil ikkje merke endringa på anna enn at ein får ikkje skreve ut kåringsbeviset på staden,og at det er viktig at lamma er innmelde på førehand.

Her er liste over kven som skal ha påmeldinga for det enkelte sjå: Påmeldingsfrist 2 dagar før sjået.

Jølster: Einar Helge Haugstad: 6770 Nordfjordeid ehehaugs@online.no Tlf : 48038573

Sogndal/ Leikanger:Per Henjum6863 Leikanger p.henjum@gmail.com Tlf: 90827350

Høydal:Ove Sørestrand,6947 Lavik tlf:577 06 170 ove.sorestrand@enivest.net

Breim: Einar Helge Haugstad

Viksdalen: Einar Helge Haugstad

Aurland/Lærdal/: Per Henjum

Naustdal: Einar Helge Haugstad

Vik I Sogn: Einar Helge Haugstad

Askvoll: Einar Helge Haugstad

Flekke: Einar Helge Haugstad

Nordfjordeid: Einar Helge Haugstad

Luster: Anne Lise Molland, 6869 Hafslo lihenjm@onlin.no Tlf 98134573

Lunde: Ove Sørestrand

Stryn: Einar Helge Haugstad

Førde: Einar Helge Haugstad

Sauueigaren sjølv kan melde inn dyra sine på www.saueavl.nsg.no/gard/. Denne er open for registrering 14 dagar før sjået, og stenger 2 dagar før.

Kålingsreglar

Kålingsreglar finn ein på Nsg si heimeside.

Ein bed om at dommarane er meksam på fylgjande:

Eigar av verelammet som blir stillt til kåring skal vere medlem av Nsg. Alle data om verelammet må vere registrert i sauekontrollen. Det gjeld rase, øyre nr., fødselsdato, kjønn, far(kåringsnr og rase), mor(øyrene og rase) haustvekt, vegedato og burd.

Krav til O-indeks: NKS 115, sjeviot 110, spel110. NKS kan ikkje kårast på dispensasjon. Dei andre rasane kan kårast på dispensasjon etter krava i dei generelle kålingsreglane som gjeld for rasen.

Værlammet skal vere etter ein kåra far som er o-kåra, ikkje kjøtkåra eller Nor-X-kåra.

Sjå paragraf 5 i reglane.

Det er vedteke at det er obligatorisk med margprøve av ulla for alle kvite dyr. På kåringsjå i Sogn og Fjordane vil det bli brukt lupe. Kvar dommar har sitt eige ulldømmingssett som skal brukast på på sjåa, og dommarane har fått opplæring i å bruke dei.

Det er NSG som er ansvarleg for kjøtkåringa og det skal brukast same kålingsmerke som ved vanleg o-kåring.Lam som skal kjøtkårast skal klippast, seinast 7 dagar før kåringsdagen.Det skal stå att litt ull på kryssset,ca 10x10 cm, så dommarane kan føreta ei analyse av ulla.

For kvart kåringsjå er det utpeika ein leiande dommar.Oppgåva til leiande dommar er m. a. å syte for at alt utstyr ein treng til kåringa, er på plass når kåringsjået skal starte.Leiande dommar og ein kontaktperson frå lokallaget er ansvarleg at kåringsjået vert halde etter dei reglar og påbod som er vedtekne.

Rosett til beste dyr

Avlsutvalet ynskjer at det skal delast ut rosett til dei dyra med høgaste poengsum

.

Oppsummering etter kåringsjå.

Vedlagt skjema "Oppsummering etter kåringsjå" skal fyllast ut av leiande dommar,underskrivast og retunerast til avlsutvalet straks etter sjået.

Kåringsavgift

Kåringsavgifta er kr 200,- pr. kåra dyr. Det er lokal arrangør som er ansvarleg for å få inn pengane.Etter at sjåa er slutt, vil vi sende ut rekning til det lokale sau- og geitealslaget.

Etterkåring/gardskåring skal betalast med kr 1.000,- pr kåringsstad, og kr 200,- pr dyr. Dette gjeld ikkje dei kåringssjåa som blir utført som gardskåringar som følgje av coronasituasjonen i år.

Godtgjersle til dommarane.

Avlsutvalet for sau har fastsett dagsatsen til kr 1500. Laurdag og søndag er dagsatsen kr 2000. Det vert ikkje utbetalt diett godtgjersle.

Køyregodtgjersla er kr.3,50 pr. km med tillegg for kr. 1,00 pr. km pr. passasjer. Skriv opp namnet på dei som sat på.Vi oppmodar om å samordne køyringa mest mogeleg.

Hugs å få med person nr, Bankkonto nr,skattekommune og skattekort, når de sender rekninga.Nokre av dommarane er svært seine med å sende inn rekninga.Rekneskapen vert avslutta ved nyttår, og rekninga bør difor vere oss i hende **seinast 1. november**

Lokal arrangør har ansvar for å påsjå at gjeldande coronaregler blir følgde. Det er ikkje ønskeleg med store folkemengde. Det er difor berre utstillarar og familiemedlemmar som har høve til å møte.

Styret i NSG har vedteke at utstillarar som også har geit på garden ikkje har høv til møte med dyr til kåring.

Sauelslag/vereringar må orientere sine medlemmar som brukar å kåre verelam.

Med helsing

Avlsutvalet

Einar Helge Haugstad